


Mektig julekonsert i kyrkja

14.12.2008



Knut Inge Røen, solosongar frå Samnanger, gjorde eit sterkt inntrykk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som tradisjonen tilseier vart julekonserten i kyrkja sundag kveld ei mektig oppleving før nokon kvar går i gang med dei siste juleførebuingane. Soknerådet skal nok ein gang ha honnør for valet av aktørar både med omsyn til topp og breidde.

Vi skal vokte oss vel for å setta opp ei rangering, men det må innrømmast at solosongen til Knut Inge Røen frå Samnanger gjorde eit sterkt inntrykk.



Andaktshaldar (og akkompagnatør) var Tone Synnøve Hellesøy. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Sjølv om han var noko indisponert, nådde han med si mektige røyst nesten opp på Kørberg-nivå då han avslutta med "O helga natt". Og då han song "Gører portarne høga" var det som om ein liten storm løfta kyrkja. Røen er også komponist og tekstforfattar og presenterte to eigne produkt. Ein av allsongane var "Mary's Boychild" med hans eigen tekst og ein av solosongane var "Gjeterguten sin song" der han har ansvaret både for tekst og melodi.



Røysterett for alle gav smakebitar frå "Mariamusikken" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Røen var ellers ikkje den einaste "importerte" ressursperson til denne konserten. Det var også allsidige Tone Synnøve Hellesøy frå Rosendal. Ho var ikkje berre ein framifrå akkompagnatør saman med Lars Erik Tjeldflåt og Lars Storegjerde, men heldt også andakten der ho omtala eit risikoprega og skjært prosjekt som vart sett i gang for 2.000 år sidan....



Skulemusikken blir flinkare for kvar konsert. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet var ellers prega av dei kjende og kjære: Skulemusikken, Røysterett for alle og trekkspelklubben. Skulemusikken leia av Anders Christensen har verkeleg lagt fleire alen til sin musikalske vekst i den seinare tid, det viste dei unge musikantane både i "Eventide", "Aurelia", "Deilig er jorden" og "Deilig er den himmel blå". I dei to julesongane mestra dei godt eit friskt arrangement.

Røysterett for alle leia av uslitelege Maria Malmsten kvilar for sin del slett ikkje på laurbæra. Dei starta som vanleg med bruremarsj-innmarsj. Så gav dei oss som diverre ikkje opplevde "Mariamusikken" i Kvinnheradkyrkja to vakre smakebitar av denne før dei song eit krevande arrangement av "Kling no klokka".

Dei runda av med ein gamal kjenning – "Tre kongar frå Bolivia". Då fekk dei det til å svinga skikkeleg i kyrkja.

Det er mogeleg at nokon framleis ikkje likar trekkspelmusikk i kyrkja, men det kjem i høgste grad an på kva som blir spela. Vi har vondt for å tru at nokon reagerte negativt på repertoaret til trekkspelklubben denne gongen, ein vakker "Etyde" av Sibelius og ein konsert i fire satsar av G..Ph. Telemann.

Det var Tormod Myklebust som på vegne av soknerådet helsa velkomen denne gongen. Han hadde ei enkel oppgåve, men skal berømmast for at han tok fram att eit liturgisk klenodium, den gamle klokkearbøna som nesten ingen hugsar lenger men som fortener å bli hugsa.

Konserten var godt besøkt, men det var plass til enda fleire....

Av Ola Matti Mathisen



Kvinnherad Trekkspelklubb spela Sibelius og Telemann. (Foto: Ola Matti Mathisen)